

Medlemsinfo juni 2011

## Styret i Jølster Sau og Geit 2011:

Leiar: Ragnhild Sæle

Nestleiar: Egil Juklestad

Sekretær: Ragnvald Søgnesand

Kasserar: Merete Helgheim

Styremedlem: Jonny Lofnes

Vara:

1. Inge Erikstad

2. Arve Kjell Sunde

3. Jakob Andre Sandal

Grendakontakter:

Jon Sandal

Stardalen

Svein Klakegg

Klakegg/Førde

Ole Kristian Kjøsnes

Viken/Kjøsnesfjorden

Magnar Sunde

Sunde/Dvergsdal/Myklebust

Inge Erikstad

Årdal/Hus/Helgheim

Audun Nedrebø

Ålhus/Svidal

Egil Juklestad

Gjesdal/Sandal

Ove Hjellbrekke

Eikås/Kvammen/Vassenden

## ULLHENTING TORSDAG 23. JUNI 2011

Jan Asle Bolset kl. 09.00 – 09.30

Magnar Sunde kl. 09.45 – 10.15

Årdalen kl. 10.30 – 11.00

Johannes Nedrebø kl. 11.15 – 11.45

Silja (Egil) Juklestad kl. 12.00 – 12.30

**JØLSTER SAU OG GEIT** inviterer til **GEITESAMLING** der rådgjevar for geit hos NSG,

**Ingrid Rimeslåttan Østensen**, deltek.

**Tid: TIRSDAG 30. AUGUST.**

Invitasjon med program og påmelding vert sendt ut seinare.

## **KURS I FELLE Fangst/BRUK AV ÅTE**

Oppstartsmøte/infosamling

**Tid: TIRSDAG 6. SEPTEMBER**

Dei som er interessert i å delta på oppstartsmøte/infosamling kan gje tilbakemelding innan 20. august til

**Ragnhild Sæle tlf. 416 33 342 eller e-post: [ragnhild.saele@eninvest.net](mailto:ragnhild.saele@eninvest.net)**

Nærare invitasjon med klokkeslett og kursstad vert sendt ut seinare, til dei som ønskjer å delta.

**JØLSTER SAU OG GEIT** inviterer til **FJØSMØTE** med tema klipping og ullhandtering.

**Tid: TIRSDAG 25. OKTOBER** Klokkeslett kjem ein attende til seinare.

**Stad: FJØSEN TIL SILJA (EGIL) JUKLESTAD**

**Inge Erikstad instruerer.**

### **Avtale om jaktrett**

I september 2010 vart det sendt ut skriv til dåverande grendakontakter om innhenting av avtale om jaktrett. No har det gått ¾ år og det er fortsatt mange grendakontakter som ikkje har levert listene. Ein ber om at listene vert levert til leiar så snart som råd, og innan 15. august 2011.

### **Dispensasjon frå fredningsbestemmelsane, for raudrev.**

Jølster Sau og Geit har søkt om dispensasjon frå fredningsbestemmelsane, for raudrev, i perioden 15.04.11 – 15.07.11 og fått eit betinga løyve. Det vil sei at dersom ein finn døde lam, og rovviltkontakt Finn Olav Myren kan stadfeste at det er rev som har drepe, så vil ein umiddelbart få løyve til revejakt. Ved hijakt skal kvelpane avlivast før mordyr.

Det er svært viktig at ein tek kontakt med Finn Olav Myren ( tlf. **992 02 664** ), når ein finn døde sauer/lam som kan vere drepne, eller at ein finn spor/sportegn som kan minne om større rovdyr. Det er i slike tilfeller viktig at ein kontaktar Finn Olav Myren umiddelbart, og lar han avgjere om spor/sportegna er av betydning eller ikkje. Problemet til no har vore at han får altfor seint melding om ”interessante” oppsersasjonar, og som regel via ”omveiar” og ikkje direkte frå den som har gjort oppsersasjonane.

### **Fjelldag**

Lørdag 30.juli arrangerer Lærdal Sau og Geit fjelldag i samarbeid med Sogn og Fjordane Sau og Geit. Ein vil, etter kvart, finne meir informasjon om turen ved å gå inn på: [www.nsg.no](http://www.nsg.no) - fylkeslag – Sogn og Fjordane. Dei som er interessert i meir opplysningar om turen, kan og gje ei tilbakemelding til Ragnhild Sæle, som så vil vidaresende informasjonen som kjem.

### **Kåring 2011**

Kåringa i Jølster har vore første lørdag etter den 20. september. Dette er same helga som ”Din Jølster dag” vert arrangert, og det har derfor komme ønskje om å få flytta kåringa med ei veke. Årsmøte gav styre fullmakt til å avgjere kåringsdato. Styre handsama saka på

styremøte 09.02.11 og gjorde vedtak om å flytte kåringa til 01.10.11., dersom det går å få til, for Avlsutvalet. Endring av kåringsdato skal evaluerast i etterkant.

### **Årsmelding for Sogn og Fjordane Sau og Geit 2010**

Årsmeldinga kan ein finne på heimesida til Sogn og Fjordane Sau og Geit: [www.nsg.no](http://www.nsg.no) – fylkeslag – Sogn og Fjordane

Medlemmer som ikkje har tilgang til heimesida, men som ønskjer årsmeldinga, kan ta kontakt med Ragnhild Sæle.

### **Heimeside for Jølster Sau og Geit**

Jølster Sau og Geit har heimeside som ein finn ved å gå inn på: [www.nsg.no](http://www.nsg.no) – fylkeslag – Sogn og Fjordane – lokallag. Her vil ein legge ut informasjon som kan vere av interesse for medlemene. Det er Jonny Lofnes som har ansvar for heimesida. Ta kontakt med han, dersom de har informasjon som de vil ha lagt ut.

### **Ullsekkar**

Det står ein palle med ullsekkar hos Johannes Nedrebø, Ålhus. Dei som har behov for sekkar, hentar dei der, noterar namn og antall sekkar. Pris pr. sekk er kr 6,- + mva. Faktura vert sendt ut av Jølster Avløysarlag, for at ein skal få att momsen.

### **Medlemsverving**

Her er enda ein del småfehaldarar som ikkje er medlem, så målet må vere å få med dei fleste. Oppfordrar medlemene til å verve nye medlemmer.

### **E-postadresser**

Styret i Jølster Sau og Geit ber om at alle som får dette informasjonsskrivet pr. post og som har e-postadresse (som dei brukar) sender den til leiar. E-post: [ragnhild.saele@enivest.net](mailto:ragnhild.saele@enivest.net)  
Det vil gjere arbeidet med å få ut informasjon enklare, og spare laget for utgifter til porto.

STYRET